



Referat

Delprosjekt: P2

Møtestad: Prosjektkontoret til nye Ålesund, Kremmergården

Dato: 08.02.19

Møteleiar: Kari Grindvik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Kari Grindvik	<i>Skodje</i>
Modolf Hareide	<i>Skodje</i>
Frode Andresen	<i>Ørskog</i>
Helene B. Fjørtoft	<i>Ørskog</i>
Geir Stenseth	<i>Ålesund</i>
Øystein Tvedt	<i>Ålesund</i>
Åse Kristin Ask Bakke	<i>Sandøy</i>
Elin Moen	<i>Haram</i>
Irene K. Aase	<i>Ålesund</i>
Tove Opskar	<i>Ålesund</i>
Melde forfall:	
Svein Harsjøen	<i>Haram</i>
Synnøve Vasstrand Synnes	<i>Ørskog/nye Ålesund</i>

1. Politiske rammevilkår – reglement for godtgjersle

Irene gjekk gjennom utkast til reglement, utforma i tråd med tidlegare vedtak i fellesnemnda og diskusjonar i P2.

Følgjande vart gjort:

Godtgjersle- må beskrive i tekst kva dei ulike godtgjerslene skal (er meint å) dekke.

Møtefrekvens: i reknearket vart møtefrekvens for komitear og kommunedelutval **oppjustert til 10.** Bakgrunnen for det er både erfaringar frå bydelsutvala og forventa saksmengde, krav til effektivitet og nye arbeidsmåtar vil medføre auka møteverksemd.

PC til politikarar: Irene har kontakta IT for å få råd/avklaring. Deira råd går på at politikarane skal ha kommunal PC eller nettbrett til bruk i politisk arbeid. Dette med grunngeving i at det er sikrere og lettare eventuell support. IT vert beden om å vere tilgjengeleg når fellesnemnda skal handsame saka.

P 2 legg til grunn at vi skal ha kommunal utstyr til alle faste politikarar og eit høvesvis tal av varamedlemmane . Vi skal tilby valfritt: PC eller nettbrett.

Pensjon: Fellesnemnda har bede om ei vurdering av eventuell tilknytning til pensjonsordning for politikarar. Komunelova gir heimel for å ha slik pensjonsordning. I dag er det ulik praksis. Minimum må vere ordførar og varaordførar. Kommunestyret kan vedta nedre grense for innmelding. KLP som er den ordninga kommunane i dag nyttar (og som truleg vert nytta i nye Ålesund?) har ei standars nedre grense på 1/3 av grunnlaget (ordførar si godtgjersle) .

P 2 legg til grunn at vi skal ha pensjonsordning for politikarar. Nedre grense for innmelding tilsvarar 1/3 av ordførar si godtgjersle.

Irene innarbeider endringane, samt går gjennom og kvalitetssikrar at vi har med det som ny kommunelov nemner og at vi viser til rett lovheimel.

Utkastet skal ut til P2 saman med innkalling til neste møte 22. februar (fredag 15. februar).

2. Reglement for delegering

Kari gjekk gjennom framlegg til struktur på dokumentet, med omsyn til innhaldsliste og overskrifter.

P 2 slutta seg til tanken om at alt er samla i eitt dokument, og at innstillingsrett, internkontroll og klage også er omtala i same dokumentet.

Innleiingskapittel og hovudprinsipp er viktige. Felles oppbygging av omtalen rundt kvart organ lettare lesinga.

Elin vil arbeide vidare med dokumentet, med hovudfokus på krav i ny kommunelov og rett heimel. Planen er at dette også skal sendast ut til P2 til neste møte. Etter neste møte vert fokus å ferdigstille eit utkast som vi skal presentere for AU og prosjektleiar. Vi skal ha ein fase med høyring i prosjektleinga for å kvalitetssikre utkastet. Innspel skal så innarbeidast før endeleg sak går til fellesnemnda. Prosjektleiar og AU skal få uttale seg til det endelege framlegget og dette følgjer saka når den skal handsamast i fellesnemnda.

3. Særlovsorgan

Kari og Irene orienterte om endringar i ny kommunelov når det gjeld rådsorgana.

Kari refererte frå fellesmøtet med rådsorgana 17. januar. Dei skriftlege innspela frå møtet og tilsendt må følgje saka vidare.

Desse momenta vart diskutert og vurdert til å vere med i utkast:

- Eit sentral organ for kommunen
- Tal på medlemmar 11 (speglar talet på kommunedelar – 1 frå kvar?) Kan td rådet for menneske med nedsett funksjonevne ha færre?
- Vi må ha ein oversikt over aktuelle lag/organisasjonar som kan foreslå kandidatar til dei ulike råda
- Gjennomgåande representasjon: usikker om vi bør ha fast oppnemning frå kommunestyret Kan også delvis sikrast ved at kommunedelutvalet foreslår ein av sine medlemmar (som elles fyller vilkåra for å bli vald). Det kan og løysast ved at kommunestyret kan velje ein av sine, dersom dei elles fyller vilkåra for å bli vald.

Organisatorisk plassering: Ikkje direkte under komite eller kommunalområde, men under rådmann slik som kommunedelutvala.

Administrativ ressurs: viktig at dette er plassert og koordinert frå politisk sekretariat , i nært samarbeid med rådmann. Det må settast av tilstrekkeleg ressurs: stipulere dette samla for sekretariatet eller minimum samla for kommunedelutval og rådsorgan.

Økonomi: Politisk sekretariat skal ha budsjett – Møtegodtgjerlse og lønn til sekretariat vert henta her. I tillegg skal det ligge ein budsjettpost knytt til kurs og samlingar - dette innber at rådsorgana søker om midlar til deltaking på samlingar som gjeld organiset sitt arbeid.

Opplæring: medlemmane i rådsorgana skal ha opplæring i rådsorgana sine ansvarsområde, i tillegg til opplæring i den generelle politikaropplæringa: organisering, arbeidsmåtar, reglement, habilitet, kontroll og klage.

Mynde: Kommunelova slår fast at dette er rådsorgan og difor ikkje kan ha vedtaksmynde.

Må kunne ha møterett i andre kommunale organ.

Arbeidsmåtar:

Prinsipp om tidleg involvering er viktig- difor må organisasjonen/sakshandsamar ha rådsorgana og deira rolle i ryggmargsrefleksen, slik at dei vert teke med i både initiernade/innleiande fase, utgreiingsarbeid og evalueringar.

Rådsorgana skal kunne samhandle med innbyggjartorg, brukarutval, kommunedelutval, lag/organisasjonar og andre frivillige grupper.

Som del av arbeidet i rådsorgana, kan dei etablere arbeidsutval, med eigne medlemmar.

Rådsorgana kan sjølve organiser eigne uformelle undergrupper med personar utanfor rådsorganet etter ønskje og ved behov. Desse undergruppene vil ikkje vere del av den politiske organisasjonen og vil ikkje kunne kreve administrative eller økonomiske ressursar , heller ikkje vil det gi godtgjersle.

Basert på innspel frå fellesmøtet og rådsorgana, samt diskusjon i P2 lager Kari sak til neste møte i P2 – 22. februar (utsending 15.februar)

4. Nærdemokrati og arbeidsmåtar – moment frå diskusjonen

Dette var ikkje på saklista, men sidan dei vart omtala undervegs i andre saker og tida tillet det:

Nærdemokrati er mykjemeir enn det vi kan organisere og styre i den kommunel organisasjonen.

I arbeidet med nærdemokrati vil vi peike på visjonane til nye Ålesund, samt effekt- og resultatmål i styringsdokumentet.

Arbeidsmåtar er ein veg til styrka demokrati:

- Årlege opne møter med frivillige – uformelt organ innkalla av kultur og medborgarskap (komite og/eller kommunalområde)
- Temamøter
- Korleis få fram dei stille stemmene
- Samarbeid/partnaravtalar med frivilligheit
- Oppfordre til å etablere Frivilligråd etter modell med Idrettsråd
- Integrering, studentar, andre grupper som også er underrepresenterte- korleis nå dei?
- Studentparlament er etablert (NTNU) – kan det ataberast tilsvarande for fagskulane også?
- Korleis vitalisere innbyggjartorg som også kan fasilitere møteplassar for alle innbyggjarar/grupper?

Kari Grindvik, referent